

## ÅRSMELDING MØRE & ROMSDAL GJETERHUNDLAG - 2012

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 4 lokale gjetarhundlaga, og samansetninga har vore:

Odd Bjarne Bjørdal, leiar og utsending til MRSG / Sunniva Nupen – VSG

Kristine Punde Naastad / Tor Garshol – NRG

Nils Edmund Stråmyr / Andor Bjørke – ISG

Vidar Sunde / Richard Bøe – MMG

Styret har hatt 1 styremøte i 2012, men har elles i fleire tilfelle hatt telefonisk kontakt. Totalt 7 saker har vore behandla i løpet av 2012.

### Nye godkjende ekvipasjar

Det blei heile 21 nye godkjende ekvipasjar i fylket 2012, og det var:

- Killiebrae Blue - Andor Bjørke – ISG
- Killiebrae Cap - Andor Bjørke – ISG
- Sweep - Nils Edmund Stråmyr - ISG
- Koks - Bente Bonsaksen – ISG
- Drift - Karina Stråmyr – ISG
- Emmi - Bente Bonsaksen – ISG
- Spot - Terje Strand – ISG
- Nut - Atle Arnesen – VSG
- Meg - Bente Bonsaksen – ISG
- Felix - Jens Terje Tennfjord – MMG
- Mirk - Atle Arnesen - VSG
- Dexter - Kjetil Bakken - VSG
- Ellie - Thomas Akslen - ISG
- Black - Karina Stråmyr - ISG
- Fleece - Bente Bonsaksen - ISG
- Diesel - Frank-Ole Bonsaksen - ISG
- Saga - Ottar Ringstad - VSG
- Rønn - Sunniva Nupen – VSG
- Diesel - Bente Bonsaksen - ISG
- Sailor - Asbjørn Molvær - MMG
- Lykke - Merethe Hellevik - MMG

**Dette betyr at sidan MRGL blei starta opp, er det totalt 70 nye bruksprov som er oppnådd!**

### Gjetarhundprøver

Det har vore stor prøveaktivitet i Møre og Romsdal i 2012. Det var totalt 160 startande hundar på dei forskjellige dp rundt om i fylket, pluss 97 på Norgesserieprøva i Sæbø . Dette seier litt om det store dugnadsarbeidet som er lagt ned på dette området. MRGL takkar alle som har delteke.

18 stk på Tynes 26 mai

15 på Rovde 28 mai

15 på Stette 3 juni

20 på Tynes 1 juli

30 på Tynes 5 aug

15 på Stette 19 aug

27 i Sykkylven 1 september

15 fykesmesterskapet 2 sept Sykkylven

11 Fiskå 28 okt

I alt har det vore avvikla 11 gjetarhundprøver fordelt på følgjande klasser:

Kl. 1: 7 prøver

Kl. 2: 7 prøver

Kl. 3 m/deling: 10 prøver

Kl. 3 m/dobbelhenting: 1 prøve (Finale FM Sykkylven)

Norgesserien, Kl.3 m/deling: 2 prøver på Sæbø i Ørsta kommune. Dette var ei storhending, og fylkets største arrangement for gjetarhund. Vi gratulerer oss sjølve med eit topp landsprøvearrangement! Det var jamn sau, kjapp utsetting og alt gjekk som smurt heile helga. Resultatmessig for fylket sin del fekk vi på laurdagen både ein fin 6 plass med Odd Bjarne Bjørdal og hunden Kompis. På søndag toppa den same ekvipasjen dette med ein 4 plass.

## Gjeterhundkurs

Det har også dette året vore arrangert fleire gjeterhundkurs i fylket.

| Lag/Instr.                          | Dato:       | Sted:      | Kontaktpersonar |
|-------------------------------------|-------------|------------|-----------------|
| MMG/Syversbråten/<br>Tenden         | 28-29.01.12 | Skorgen    | Vidar           |
| VSG/Syversbråten                    | 10-11.03.12 | Fiskå      | Sunniva         |
| MMG/Syversbråten/<br>Tenden/Dalland | 30-31.03.12 | Fiksdalen  | Vidar           |
| ISG/Andor Bjørke                    | 19-20.05.12 | Velledalen | Susann          |
| MRGL/McCullough                     | 07-08.07.12 | Bjørdalen  | Odd Bjarne      |
| MMG/Tenden                          | 11-12.08.12 | Stette     | Vidar           |

Instruktørkurset som var planlagt vart avlyst på grunn av at det berre var to påmelde.

## Organisert trening

### Nordmøre & Romsdal Gjeterhundlag [NRG]

Aure: Etter avtale med Tor Garshol

Vistdalen: Normalt kvar tysdag, men og elles i veka

### Indre Sunnmøre Gjeterhundlag [ISG]

Tynes: Fast treningskveld torsdagar frå kl. 18.00!

### Midtre Møre Gjeterhundlag [MMG]

Stette/Opskar: Fast treningskveld kvar tysdag frå kl. 18.00!

### Vestre Sunnmøre Gjeterhundlag [VSG]

Treninger i hovedsak etter "Drop-in" prinsippet, en "ringer og avtaler"!

Bjørdalen Tirsdays, kontakt Odd Bjarne

Sæteråsen Onsdays, kontakt Ingvald

Nupen Torsdays, kontakt Sunniva

## NM-deltaking

NM i bruk av gjetarhund i 2012 blei arrangert i Alvdal 12.-14. oktober. Dei innleiande rundane gjekk i klasse 3 m/deling og singling, og i finalen var det dobbelhenting med sortering. I alt fire ekvipasjar frå Møre og Romsdal deltok i årets NM. Ei av disse kvalifiserte seg til finalen, og Jan Myklebust med Akersborg Rex fekk der til slutt ein 13 plass. Ingen av dei andre ekvipasjane fekk brudd så vi har håp om å få fire til NM også neste år.

## Norgesserien

Serien bestod av 6 prøver, der dei fire beste telte med i samandraget. Finalen i Norgesserien gjekk av stabelen på Gran i Hadeland helga den 3-4 November 2012! Her møttes 30 av dei som hadde mest poeng frå de 3 innleiande rundane for å avgjere årets vinner i Norgesserien. Frå Møre og Romsdal stilte Andor Bjørke & Tweed og Odd Bjarne Bjørdal & Kompis. De fekk til slutt hhv. plassane 33 og 25, og vi gratulerer med den prestasjonen!

## Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet ble arrangert i Sykkylven 2.september med Jakob Gjerde som dommar. I alt 37 ekvipasjar stilte til start i meisterskapen, som ble arrangert i klasse 3 med deling i den innleiande runden, og med dobbelhent og sortering i finalen.

Fylkesmeister blei Jan Myklebust med Akersborg Rex. Andrelassen gjekk til Andor Bjørke og hunden Tweed, medan Odd Bjarne Bjørdal tok 3 plassen med hunden Kompis. Beste unghund for andre år på rad blei og Jan Myklebust sin Akersborg Rex.

## Nettsidene

Nettsidene til MRGL ([www.mrgl.no](http://www.mrgl.no)) har vært jamnt oppdatert av Andor Bjørke heile året, og har vore mykje brukt. I alt har det vore 20508 individuelle treff på sidene våre i løpet av 2012.

## Oppsummering

Året sett under eitt må vi seie oss nøgde med 2012 der det har vore høg aktivitet i dei fleste delane av fylket. I NRG sitt område der det har vore noko minkande aktivitetsnivå såg det utover i året ut til at dette var i ferd med å ta seg noko opp att.

Vi ser at det trengs jamn rekruttering for å behalde og kanskje auke bruken av gjetarhund i småfehaldet i fylket. Gjetarhundkurs og småprøver i klasse 1 er saman med godt miljø i lokallaga svært viktig for å få dette til. Styret takkar alle som i det siste året har teke seg av «nykomarar» og oppmodar samstundes medlemmane til å frimodig ta kontakt med og/eller hjelpe yrkesbrør som ikkje har gjetarhund slik at fleire kan få innblikk i denne fantastiske hjelpa i småfehaldet som ein trena gjetarhund representerer!

Odd Bjarne Bjørdal, Leiar MRGL